Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Einar Nesse Johnsen
Telefon: 57643132
E-post: fmsfejo@fylkesmannen.no

Vår dato
11.12.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2015/4296- 431
Dykkar referanse

Volda Maskin AS
Hamnegata 3
6100 Volda

Brevet blir sendt elektronisk til
lauritz@voldamaskin.no

Oversendingsbrev for løyve til mottak, mellomlagring og handsaming av betong og asfalt for Volda Maskin AS.

Fylkesmannen gjev Volda Maskin AS nytt løyve etter forureiningslova for mottak, mellomlagring og handsaming av betong og asfalt i steinbrotet på Naustdalstranda, gnr 20 bnr 2 og 4. Løyvet gjeld mottak av inntil 2 000 tonn betong og 2 000 tonn asfalt.

Vi har set krav til mottak av betong og asfalt. Betong skal vere rein og asfalt skal ikkje innehalde tjære. Vi har også sett fleire krav til støy.

Vi viser til søknad av 9. mars 2018 om løyve til mellomlagring av returasfalt/betongrestar i steinbrotet ved Naustdalstranda.

Fylkesmannen gjev løyve på visse vilkår. Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29. Fylkesmannen har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket dessutan vil føre til. Ved fastsetjing av vilkåra har Fylkesmannen lagt til grunn kva som er mogleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Tiltak som fører til fare for forureining av vatn har vi vurdert etter vassforskrifta §§ 4-6, der føremålet er å beskytte og om nødvendig betre miljøtilstanden i elver, innsjøar, grunnvatn og kystnære område. Vi har også lagt prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 til grunn ved vurdering etter forureiningslova.

Bakgrunn og søknad
Volda Maskin AS ynskjer å ta imot, mellombels lagra og handsame returbetong og returasfalt i steinbrotet langs Naustdalstranda. Verksemda søker om årleg å ta imot 2000 tonn asfalt og 2000 tonn betong. Returasfalt skal knusast og nyttast vidare til gjenbruk. Returbetong skal knusast ned til reine massar og nyttast som fyllmasse. Det vert opplyst i søknaden kvar i steinbrotet dei to avfallsfraksjonane skal lagrast før nyttiggjering.

Dagens drift i steinbrotet omhandlar uttak av murstein, samt knusing til diverse fraksjonar av pukk og grus. Det vert nytta mobilt knuseverk. Det er utarbeid reguleringsplan for massetaket frå 2001 (revidert i 2011).

Saksgang
Søknaden har ikkje vore på offentleg høyring. Søknaden vart sendt til Eid kommune, Statens Vegvesen og naboar for uttale. Det kom inn ein uttale frå Statens vegvesen. Det kom ikkje inn uttale frå Eid kommune eller naboar.

Uttale frå Vegvesenet
Statens vegvesen opplyser at det ikkje vert opplyst om den nye aktiviteten vil medføre meir trafikk i avkøyrsla enn noverande/planlagt trafikk gjennom reguleringsplanen. Konsekvensane av tiltaket for trafikktryggleik generelt må vurderast og avklarast med Eid kommune. Eid kommune må vurdera om tiltaket/avkøyrsla ligg innanfor gjeldande rammer i vedteken reguleringsplan. Dette er ei problemstilling Fylkesmannen ikkje vil ta stilling til i si vurdering. Vi har sendt denne tilbakemeldinga vidare til Eid kommune.

Fylkesmannen si vurdering og grunngjeving
Fylkesmannen meiner å ha tilstrekkeleg informasjon for å kunne fatte vedtak i saka.
Statens Vegvesen har kommentert at det må setjast grenser for trafikken til og frå anlegget. Transport til og frå verksemda blir normalt ikkje regulert etter forureiningslova. Dette er tilhøve som vanlegvis og i dette tilfellet bør vurderast av kommunen i samband med utarbeiding av arealplan og reguleringsplan.

Forhold til plan
Anlegget ligg innanfor reguleringsplan i Eid kommune (vedtatt den 25.10.2001) og området er regulert til masseuttak. Kommunen har ikkje gitt vidare uttale om aktiviteten er innanfor føremålet i reguleringsplanen.

Utslepp til vatn og vurdering etter vassforskrifta
Planlagt plassering for mellomlagring ligg om lag 100 meter frå strandsona til Eidsfjorden. Anlegget har ikkje utslepp til vatn frå drifta i dag og overflatevatnet går til grunn. Det vert opplyst i søknaden at anlegget har etablert slambasseng som vil handtere eventuelle avrenningar. Fylkesmannen har sett som vilkår at motteken betong og asfalt skal handterast og lagrast slik at det ikkje oppstår avrenning eller forureina vatn til vatn og grunn. Auka mengder avfall på anlegget aukar risikoen for meir forureining. Dette må verksemda ta omsyn til. Fylkesmannen har vurdert at krava i vassforskrifta § 4-6 ikkje er til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Utslepp til luft
Det er nemnt i søknaden at verksemda vil nytta støvdempande tiltak etter behov. Dette gjeld både ved knusing av returasfalt og betong. Verksemda har krav om å drive slik at støv ikkje fører til nemneverdig skade eller ulemper for naboar og miljø, og skal drive anlegget slik at støv blir avgrensa til eit minimum.

Støy
Verksemda ligg i eit område lagt til rette for denne type verksemd og det er gitt løyve til støy innanfor visse standardkrav som gjeld for industri. Verksemda plikter å halde grenseverdiane for støy heile døgnet.

Vurdering etter naturmangfaldlova
Delar av anleggsområdet er registrert i Naturbase (ID-BN00000546) som rik edellauvskog. Området overlappar med industriområdet, men ikkje med tenkt plasseringspunkt for massane. Skogsområdet ligg høgare i terrenget, og det er lite sannsynleg at eventuell avrenning frå massane vil påverke skogen negativt.
Det er ikkje registrert andre artar av særleg stor forvaltningsinteresse i direkte nærleik av anlegget. Området er regulert til masseuttak for stein (jmf. føresegner til reguleringsplan for masseuttak på del av gnr. 20, bnr. 2 og 4, Naustdalsstranda revidert 25. oktober 2001) og det er ikkje grunn til å tru at tiltaket vil føre til vesentleg endringar eller skade på naturmangfaldet med dei krava som er sett i løyvet. Naturmangfaldet blir i liten grad påverka av tiltaket og det er ikkje påvist effektar av tiltaket på verdifull natur. Fylkesmannen har derfor vurdert at det ikkje vil vere nødvendig å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12, då dette er dekt av krava i løyvet.

Konklusjon
Vi har vurdert at fordelane av verksemda er større enn eventuelle negative konsekvensar som følgje av forureining frå anlegget. Dersom aktivitetane blir drifta med gode rutinar og i samsvar med vilkåra i løyvet, vil miljøtilhøva bli tilfredsstillande tekne vare på. Fylkesmannen gjev derfor løyve etter forureiningslova.

Gebyr
Fylkesmannen tek sakshandsamingsgebyr for arbeid med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 7, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Verksemda skal betale 12 800 kroner i gebyr for løyvet. Gebyrsatsen er vald basert på Fylkesmannens ressursbruk ved handsaming av søknaden. Miljødirektoratet sender faktura.

Rett til å klage
Partane som er involvert i saka og andre med særlege interesser kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå de har fått dette brevet.
Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Denne avgjerda kan ikkje klagast på.
De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage skal vere grunngitt. Send klagen til Fylkesmannen i Hordaland innan tre veker.
Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan de få ved førespurnad til Fylkesmannen. Andre opplysningar om 5 sakshandsamingsreglar og andre reglar av verknad for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjering av løyvet
Verksemda skal gjere vedtaket offentleg kjent, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Den som har fått løyvet skal så snart som råd kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Kopi av kunngjering skal sendast til Fylkesmannen.

Løyvet vert også publisert på Fylkesmannen si nettside.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Sendt saman med dette brevet: Eid Volda Maskin - Løyve til mellomlagring av returasfalt og betong

Kopi til: Eid kommune

Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane

Løyve etter ureiningslova for mottak, mellomlagring og knusing av returasfalt og returbetong for Volda Maskin AS i Eid kommune

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova) § 11, jf. § 16 og § 29. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad datert 09. mars 2018 og som er kome fram under behandlinga av søknaden.

Verksemddata

Ansvarleg verksemd, anlegg	Volda Maskin AS		
Adresse, poststad Besøksadresse	Hamnegata 3, 6100 Volda Naustdalstranda		
Kommune og fylke	Eid i Sogn og Fjordane		
Gards- og bruksnr.	20/2 og 20/4	UTM midtpunkt	333800 6869100
Org. nummer (verksemd)	972 178 551	Org.nr. (eig av)	958 245 424
NACE-kode	43.120 Grunnarbeid		
NOSE-kode	109 Behandling og disponering av avfall		

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Aktivitet	Løyvenummer
15/4296	1443.0056.01	Ordinært avfall	2018.1060.T

Løyve første gang gjeve: 11.12.2018	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd: -	Løyve sist endra: -

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopiadressatar: Sjå liste i oversendingsbrevet.

Telefon 57 64 30 00
Organisasjonsnummer N-974 763 907
Nettstad fylkesmannen.no/sfj
E-post fmsfpost@fylkesmannen.no

Besøksadresse
Hovudkontor: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Landbruksavdelinga: Fjellvegen 11, 6800 Førde

Postadresse
Hovudkontor: Njøsavegen, 2 6863 Leikanger
Landbruksavdelinga: Postboks 14, 6801 Førde

Innhald

0. Føresetnader 3
1. Rammer 3
1.1 Utforming av anlegget 4
2. Generelle vilkår 4
2.1 Utsleppsavgrensingar 4
2.2 Plikt til å halde grenseverdiar 4
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg 4
2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald 4
2.5 Tiltak ved auka forureiningsfare 4
2.6 Internkontroll 5
3. Handtering av avfall 5
3.1 Kontroll ved mottak av betong 5
3.2 Kontroll ved mottak av asfalt 5
3.3 Journalføring 5
3.4 Mellomlagring 5
3.5 Handsaming av motteken betong og asfalt 5
3.6 Disponering av betong og asfalt 5
4. Utslepp til vatn og grunn 6
5. Utslepp til luft 6
6. Kjemikal 6
7. Støy 6
7.1. Utsleppsgrenser 7
8. Avfall 7
9. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining 8
9.1 Miljørisikoanalyse 8
9.2 Førebyggjande tiltak 8
9.3 Etablering av beredskap 8
9.4 Varsling om akutt forureining 8
10. Utskifting av utstyr 8
11. Eigarskifte 8
12. Nedlegging 8
13. Tilsyn 9
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. vilkår 2.1 10
VEDLEGG 2 - Definisjonar 12

0. Føresetnader

Løyvet gjeld frå den datoen Fylkesmannen kunngjer løyvet.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Vilkåra er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng. Nokre viktige omgrep er nærare forklart i vedlegg.

Dersom verksemda ønsker å gjennomføre endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for ureining frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 3 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing slik at vi kan vurdere eventuelle endringar, attendetrekking eller utferding av nytt løyve.

1. Rammer

Løyvet gjeld mottak, mellomlagring og handsaming[1] av avfall.

Tabellen under viser ein oversikt over avfallstypar med tilhøyrande aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider som er omfatta av løyvet:

Type avfall	**Maksimal årleg mottaksmengd**	**Maksimal lagringsmengd**	**Maksimal lagringstid**	**Aktivitet**
Betong *	2000 tonn	2000 tonn	1 år	Knusing og lagring
Asfalt utan tjære	2000 tonn	2000 tonn		

* Løyvet gjeld berre reine fraksjonar. Verksemda kan ikkje ta imot betong med innhald av helse- og miljøskadelege stoff over følgjande konsentrasjonar:

Stoff	**Konsentrasjonskrav (mg/kg)**
Arsen	8
Bly	60
Kadmium	1,5
Kvikksølv	1
Kopar	100
Sink	200
Krom (III)	50 (tot.)
Krom (VI)	2
Nikkel	60
Σ7PCB	0,01
Σ16PAH	2

[1] Handsaming (behandling): prosessar, under dette sortering, som endrar eigenskapane til avfallet med formål å redusere volum, fare, gjere det lettare å handtere eller enklare å gjenvinna, jf. avfallsforskrifta § 9-3.

1.1 Utforming av anlegget

Fylkesmannen legg til grunn at verksemda innrettar seg i samsvar med gjeldande arealplan og reguleringsføresegner for området.

Handtering[2] og lagring av avfall skal skje på område som er tilstrekkeleg sikra, for å hindre fri tilkomst og ulovleg dumping på området. Vegen inn til området skal vere stengt for uvedkommande utanom opningstid.

Anlegget skal innrettast slik at det ikkje har utslepp til grunn eller vatn som fører til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet. Om nødvendig skal det byggast anlegg for handtering av avrenning, jf. punkt 4.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentar frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i punkt 3.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, under dette støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnadar.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7[3].

2.5 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig, å redusere eller innstille

---

[2] Handtering: fellesnemning for innsamling, mottak, mellomlagring, handsaming og anna disponering av avfall (tilsvarande definisjonen for farleg avfall i avfallsforskrifta § 11-3)

[3] Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan føre til forureining. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 9.4.

2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift[4]. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

3. Handtering av avfall

3.1 Kontroll ved mottak av betong

Før mottak skal det dokumenterast at betongen er rein ved framlegging av miljøkartlegging i samsvar med teknisk forskrift til plan- og bygningslova § 9.7. Mottakskontrollen skal sikre at innhald av helse- og miljøskadelege stoff ikkje overskrid grenseverdiane i punkt 1 i løyvet og at betongen ikkje inneheld framandelement som til dømes fugemasse, maling og isolasjon. Armering i betong skal fjernast før ombruk.

3.2 Kontroll ved mottak av asfalt

All returasfalt skal kontrollerast for å sikre at anlegget berre tek imot asfalt som er fri for tjære. Før mottak av asfalt som er eldre enn 1970 skal det dokumenterast at asfalten ikkje inneheld tjære.

3.3 Journalføring

Alt avfall av betong og asfalt som verksemda tek imot ved anlegget skal journalførast. Journalen skal innehalde mengde (vekt), type, dato for mottak og tilvising til dokumentasjon på at avfallet er reint, jf. punkt 3.1 og 3.2.

3.4 Mellomlagring

Betong og asfalt skal lagrast på ein slik måte at ein har oversikt over lagringstid og mengde på lager.
Avfallet skal lagrast på ein slik måte at det ikkje er skjemmande.

3.5 Handsaming av motteken betong og asfalt

Knusing av betong og asfalt skal ikkje føre til urimelege ulemper for omgjevnaden.
Knusing skal gå føre seg på kortast mogeleg tid og dette arbeidet kan utførast i til saman maksimalt 14 dagar per år. Når verksemda skal knuse betong og/eller asfalt på kveld, natt, eller sun- og heilagdag skal næraste naboar varslast (tidsrammer er definert i skjema for støygrenser punkt 7.1).

3.6 Disponering av betong og asfalt

Bruk av motteken betong skal skje i samsvar med Miljødirektoratet sitt faktaark M-14 2013

[4] Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

om disponering av betongavfall. Når forskrift for handtering av betongavfall er ferdig og vedtatt er det krava i forskrifta som gjeld for disponering av betongavfall. Bruk av motteken asfalt må skje innanfor rammene av forureiningslova, jf. §§ 7 og 32.

4. Utslepp til vatn og grunn

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet ut over det som er nødvendig og tillate i dette løyvet.

5. Utslepp til luft

Verksemda skal drive slik at støv ikkje fører til nemneverdig skade eller ulemper for naboar og miljø.
Verksemda må drive anlegget slik at støv blir avgrensa til eit minimum. Om nødvendig må verksemda setje i verk tiltak.
Verksemda må kunne dokumentere kva slags vurderingar og tiltak dei har gjort for å minimalisere utslepp av støv, jf. punkt 9.1, 9.2 og 10.

6. Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes grohindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og brannsløkkingsmiddel.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at det er gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal.
Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe[5].

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket[6].

[5] Jf. produktkontrollova
[6] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

7. Støy

Verksemda skal ha oversikt over alle utslepp av støy til miljøet. Oversikta skal omfatte både støy frå eigen aktivitet, og støy frå eventuell annan aktivitet som er nødvendig for verksemda.

Jamvel om verksemda held seg innanfor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av beste tilgjengelege teknikkar.

7.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy for kvart driftsdøgn ved nærliggande og eksisterande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride desse grensene, målt eller utrekna som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade 2 m over bakkenivå:

Dag (0700 – 1900)	Kveld (1900 – 2300)	Natt * (2300 – 0700)	Sun- og heilagdag (0700 – 2300)	**Natt (2300 – 0700)**
55 dB (A) $L_{pAekv12h}$	50 dB (A) $L_{pAekv4h}$	45 dB (A) $L_{pAekv8h}$	50 dB (A) $L_{pAekv16h}$	60 dB (A) L_{AFmax}

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

Dersom reintonelyd eller impulslyd opptrer med i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar per time, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Alle støygrenser skal haldast i alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for bygning av nemnde typar, eller bruksendring av bygning til nemnde typar som er etablert etter at dette løyvet tok til å gjelde.

8. Avfall

Verksemda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnadar eller ulemper, å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Særleg skal verksemda prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta[7].

Betong og asfalt inn til anlegget er definert som avfall, jf. forureiningslova § 27. Materiale kan opphøyra å vere avfall. Verksemda må vurdere overgang frå avfall til produkt etter forureiningslova § 27. EUs reglar for når ulike avfallsstraumar opphøyrer å vere avfall etter

[7] Forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall

ein gjenvinningsoperasjon («end of waste»-kriteria) skal leggjast til grunn i vurderingane.

9. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

9.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Verksemda skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse og/eller miljøskadar inne på område til verksemda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

9.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

9.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Verksemda skal øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

9.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[8]. Verksemda skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen i slike tilfelle.

10. Utskifting av utstyr

Viss verksemda skal gjere utskifting av utstyr som gjer det teknisk mogleg å motverke forureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gjeve, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.
Ved all utskifting av utstyr skal verksemda nytte dei beste tilgjengelege teknikkane for å motverke forureining.

11. Eigarskifte

Viss verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

[8] Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

12. Nedlegging

Viss eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille ytterlegare garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift[9]. Dei tiltaka som blir sette i verk i denne samband, skal verksemda rapportere til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Viss verksemda ønskjer å starte verksemda på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

13. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

[9] Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. vilkår 2.1

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går utrykkeleg fram av vilkåra.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmarar*:*	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorhaldige organiske sambindingar	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furanar	dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C_{10} - C_{13} (kloralkan C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C_{14} - C_{17} (kloralkan C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzenar	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylar	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP
Enkelte tensid:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Nitromusksambindingar	
…….Muskxylen	
Alkylfenolar og alkylfenoletoksylatar:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilatar	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilatar	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol
Per- og polyfluorerte organiske sambindingar (PFAS)	

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT
Polysykliske aromatiske hydrokarbon	PAH
Ftalatar	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP
Bisfenol A	BPA
Siloksanar	
Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4
Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

VEDLEGG 2 - Definisjonar

L_{pAekvT} er eit ekvivalente støynivå som gir eit mål på det gjennomsnittlege energimidla nivået for varierande støy over ein bestemt tidsperiode T, til dømes 4 timar, 8 timar, 12 timar.
Impulslyd: kortvarig, støytvis lydtrykk som varar mindre enn 1 sekund og der impulslyden er av typen ”highly impulsive sound” som definert i T-1442 kapittel 6.
L_{AFmax} er A-vegd maksimalnivå for dei 5 – 10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/utrekna med tidskonstant "fast" på 125 ms.